

**Notat**Dato: 12.10.2017  
Arkivsak: 2017/16175-3  
Saksbehandlar: ingdosk

---

**Til:** Fylkesutvalet  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Oppfølging av FUV-sak 66/16 for få vurdert ny oppfølging av «CNSS - Improved dissemination and impact» og eventuelt nytt initiativ som grunnlag for eit prosjekt «Grøn skipsfart».****Bakgrunn**

Etter lengre tids forarbeid vart Hordaland fylkeskommune i 2009 leiande partner i EU – Interreg prosjektet «**Clean North Sea Shipping**» (CNSS). Prosjektet tok opp klima- og miljøspørsmål for landa kring Nordsjøen knytt til skipsfart og miljø i hamner og hamneområde. I tillegg utarbeidde prosjektet nettbaserte modellar for å få oversyn over miljøproblema og mogelege tiltak for å løysa desse. Prosjektet vart framheva som særleg vellukka både med omsyn til godt partnerskap og gode resultat. Prosjektet vart vidareført i eit nytt mindre Interreg prosjekt «**CNSS - Improved dissemination and impact**» med sluttdato i 2015. Begge prosjekta var delfinansiert med regionale utviklingsmidlar og eigeninnsats frå dåverande Næringsseksjonen i tillegg til fylkeskommunale administrative støttefunksjonar.

I fylkesutvalet 4 februar 2016 (sak nr. PS 66/2016) vart eit tredje prosjektinitiativ lansert som oppfølging og utviding av dei to over nemnde prosjekta; «**Clean North Sea Multi Modal Transport Network**» (multi modal er samferdsle som inneberer skifte mellom transportformer, til dømes fraktrute som kombinerer veg, jernbane og sjø). Det vart ikkje gjort vedtak om tilslutning til prosjektet, men samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling: *"Fylkesutvalet ber om at prosjektet Clean North Sea Multi-Modal Transport Network vert løfta inn i arbeidet i Vestlandsrådet."*

I spørsmål frå fylkesutvalet 22.06.2017 sette Roald Kvamme (A) på vegner av (A) fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet viser til sak 66/16 i fylkesutvalet 24.02.2016 «Clean North Sea Clean North Sea Multi Modal Transport Network - deltaking i prosjekt», og ber om ei sak der ein kan få vurdert ei ny oppfølging av saka og eit eventuelt nytt initiativ som kan vera grunnlag for eit prosjekt «Grøn skipsfart» som ein også kan søkja Interreg-midlar til.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

**Diskusjon**

Forureiningsproblema knytt til skipsfart er ein vesentleg global utfordring. Nemnde prosjekt hadde særleg fokus på forskning knytt til modellering av utslepp av til dømes nitrogenoksider og svovelbindingar (NOx og SO2) frå skip i Nordsjøbassenget. Vidare vart det utvikla avgjerdsstøtte for politiske og administrative organ

og ei rekkje andre gode resultat. Eit sentralt råd var overgang til gass (LNG) som drivstoff og utfordringar knytt til manglande infrastruktur for gass/hybrid drift.

Modellane som vart utvikla var viktige bidrag til kunnskap om effekten av utslepp frå skipsfarten. Prosjekta førte også til læring for partnarane i dei ulike regionane, og grunnlag for andre prosjekt og nye aktivitetar hos aktørane som til dømes Bergen og Omland Hamnevesen (BOH), Hamburg hamn og Antwerpen hamn.

Under og etter at CNSS prosjekta var avslutta, har det vore ei rekkje nye tilgrensande aktivitetar. Bergen og Omland Hamnevesen er no engasjert i Interreg prosjektet «Green Cruise Port», har vore i søknadsfase om «Zero Maritime» prosjektet, og er aktive i «EPI» prosjektet (cruise skip miljøavtrykk).

Modellane som i dag nyttast av BOH for berekning av forureining er utvikla av Nansensenteret i Bergen. Desse modellane har vesentleg høgare oppløysing, ned mot 10 meter, enn dei nordsjømodellane som vart utvikla i prosjektet (1 km oppløysing). Eit anna viktig utviklingstrekk er etablering av løysingar for landstrøm. I Bergen er BOH no i gang med prosjektering av slike anlegg basert på finansiering frå ENOVA.

Innan næringsutvikling og samferdsle skjer det ei rivande utvikling retta mot «grøn skipsfart». Hordaland er eit føregangsfylke både industrielt og innan samferdsleforvaltning. Hordaland fylkeskommune er pådrivar i internasjonal målestokk for anbod med krav om «0 – utslepp» i ferjetrafikken. Vidare er Hordaland fylkeskommune sentral partnar og bidragsytar i det nasjonale bedriftsnettverket Norwegian Center of Expertise (NCE) - Maritime Clean Tech.

Ein kan kort oppsummere at fylkeskommunen no i stor grad har fokus på;

- Reduksjon av klimagassutslepp CO<sub>2</sub> i samband med gjennomføring av klimaplanen
- Landstrøm og folkehelseaspekt ved luftforureining frå Bergen hamn
- «0 utslepp» teknologi som batteridrift og hydrogendrift i kollektivsamband
- Næring og verdiskaping ved støtte til maritimt næringsliv som har fokus på rein teknologi (til dømes NCE Maritime Clean Tech)
- Tilpassa vidaregåande opplæring i høve «grøn omstilling»

Miljøspørsmål knytt til skipsfart treff soleis fylkeskommunen sine arbeidsområde på fleire plan. Det er ein rekke tilgjengelege verkemiddel for prosjektfinansiering og politisk påverknad. I EU samanheng passer temaet politisk i Nordsjøkommissjonen der Hordaland fylkeskommune er representert i dei tematiske arbeidsgruppene «Transport» og «Energy and Climate Change». Det er vidare tilgjengelege søkbare midlar for delfinansiering av prosjekt avhengig av fokus på region samarbeid, forskning eller næringsutvikling, og på ulike geografiske nivå frå region til EU samarbeid. Døme er regionale forskingsfond, klima- og miljøtilskot, Innovasjon Noreg, Norges forskingsråd, EU Interreg og Horisont 2020 med fleire. Felles for desse er at dei fordrar gode partnarskap for å lukkast. Clean North Sea Shipping prosjekta sine prosjektpartnarskap er no avslutta, men liknande samarbeidsformer er etablert, og kan ny etablerast. Fylkeskommunen er difor i tett dialog og gjer støtte til fleire prosjektinitiativ etablert i næringsklyngene, dei regionale statsetatane og i kunnskapsmiljøa.

## Oppsummering

Oppgåvene i Clean North Sea Shipping (CNSS) prosjektet er i stor grad vidareført av ansvarlege aktørar i samarbeidsregionane, og prosjekt-partnarskapen er oppløyst. Fylkesrådmannen ynskjer difor ikkje å ta initiativ til eit nytt EU/Interreg prosjekt med same overskrift, men fortløpande fokusere på «grøn skipsfart» som satsingsområde.

Fylkeskommunen skal i endå sterkare grad vere pådrivar i utvikling av effektive prosjekt som står opp under fylkeskommunen sine kjerneoppgåver innan klima, vidaregåande opplæring, «grøn» samferdsel og

bærekraftig verdiskaping. Fylkeskommunen skal vidare tilby faglege og økonomiske verkemiddel til prosjekt forankra i organisasjonane med ansvar og kompetanse innan bærekraftig grøn skipsfart.

Næringsklyngene og forvaltarar som til dømes NCE Clean Tech, hamnevesen og Maritimt forum vert oppfordra til å utarbeide oversikt over prosjektinitiativ der fylkeskommunen kan være bidragsytar. Konkrete døme på samarbeid er prosjektfinansiering gjennom regionale nærings-, forskings- og klimamidlar. Vidare støtte gjennom politisk påverking av sentrale avgjerdstakarar. Fylkeskommunen skal og synleggjere rolla som meklar til nasjonale og EU baserte finansieringsordningar (Horisont 2020), Innovasjon Noreg sitt klyngjeprogram (ARENA, NCE, GCE), forskingsrådet sine senter for innovasjon (SFI), SIVA med fleire.